ALVER
KOMMUNE

Wenche Kvalvåg Saue Alvær
Espelandsvegen 224
5258 BLOMSTERDALEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 11.05.2021 |
| Vår: 21/4299 - 21/32314 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Avslutta sak om mogeleg ulovleg tilfelle - gbnr 85/12 Kvalvåg

| | | |
|---|---|---|
| **Tiltak:** | Ulovleg terrenginngrep | |
| **Byggjestad:** | Gbnr: 85/12 | Kvalvågnesvegen 434 |
| **Tiltakshavar:** | Wenche Kvalvåg Saue Alvær | |

Det vert vist til brev av 05.05.21 der kommunen oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til påstått byggearbeid på nausteigedom.

I brev frå deg av 09.05.21 er det gjort greie for at det ikkje pågår byggearbeid, men vedlikehold av eigedommen. Det er lagt ved bilder som støtter utgreiinga. Kommunen har registrert at det er motteke søknad om dispensasjon for planlagte byggetiltak på eigedommen. Vi legg til grunn at søknadspliktig byggearbeid ikkje vert sett i gang før evt dispensasjon og løyve til bygging eventuelt er gitt.

Når det gjeld innmeldte tilhøve rundt vegrett og tilkomst til naustetomta er dette ei privatrettsleg sak som partane må løyse seg imellom. Vi gjer forøvrig merksam på at eventuell oppgradering av tilkomstveg kan være søknadspliktig dersom slikt arbeid er planlagt. Ta gjerne kontakt med kommunen for å avklare om et arbeid er søknadspliktig eller ikkje.

Kommune har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på bilete og svarbrev frå tiltakshavar.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Per Sveinar Morsund |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Franch Andersen | Kvalvågnesvegen 423 | 5956 | HUNDVIN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Wenche Kvalvåg Saue Alvær | Espelandsvegen 224 | 5258 | BLOMSTERDALEN |